

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr:18/2006

Møtedato: 04.04.06

Arkiv nr: 132

Søknad om tilskot - Baklivegen

Panoramavegen skriv i brev datert 3.4.06 følgjande:

Årsaka til at det er det er Panoramavegen som sender søknaden er at Panoramavegen overtok drifta av Baklivegen 1.januar 2006. Dette gjeld i utgangspunktet for perioda 2006 og tom 2010. På møte mellom stølsvegane i vestfjellet og Vestre Slidre kommune 17.februar 2005, var fjellstyre positive til å støtte vegar som slo seg saman. Dette for å redusere talet på bommar i fjellet. Som ledd i overtakinga vil Panoramavegen oppruste Baklivegen og søker med dette om tilskott til opprustinga.

Det vart i forbinding med overtakinga gjort ein gjennomgang av kva som var aktuelt å utbetre og ekstra vedlikehalde på Baklivegen. I dette detaljerte oppsettet vart kostnaden berekna til ca. kr 893.500,- inkl. mva. (714.800 eks.mva). Av dette vart fire parsellar prioritert, og Oppland Skogselskap har laga eit overslag over kostnadane til dette og dette er klassifisert som opprusting av veg. I dette reviderte oppsettet er kostnaden berekna til kr. 168.187,50. (134.550 eks.mva) Panoramavegen vil gjera desse utbetringane i år 2006. Kopi av dette er tidlegare sendt til fjellstyret av Oppland Skogselskap, men vi gjer merksam på at utrekningane på parsell 3 og 4 inneheld feil i utrekningane. Parsell 1. vil koste kr. 70.950, parsell 2. kr. 17.800, parsell 3 kr. 22.700 og parsell 4. kr. 23.100,- i følgje detaljane i oppsettet. Desse summene er utan moms. Sidan bominntekter ikkje er momsplichtige har heller ikkje Panoramavegen direkte rett til å få att moms på kostnadene. 50 % av total moms vegen blir difor delt ut på momsplichtige andelseigarar som får dette refundert i sine rekneskap. Den totale kostnad blir difor kr. 151.362,50 for desse fire parsellane.

Baklivegen sitt rekneskap for 2005 er ikkje levert til Panoramavegen, men ifølgje muntlege opplysningar er det ikkje nokon verdiar att i vegen. Baklivegen måtte i tillegg låne av Panoramavegen for å kunne betale rekningar i januar 2006.

Panoramavegen hadde i 2005 eit driftsunderskott på vegen på kr. 472.221,-. Hovudårsaka til dette er at det vart sett opp ein bom i Rislia som i år 2005 kosta kr. 536.913,-. Det vart og brukt kr. 689.490,- på anna vegvedlikehald.

Eigenkapitalen for driftsdelen til vegen pr. 31.12.2005 kr. var kr. 83 1.110,-. Noko som betyr at vegen har tæra på fondet for eingongsavgift med kr. 761.772,-. Dette fondet består av innbetalingane av 20 års-korta som startar å gå ut i år 2007.

I driftsrekneskapen er alt som gjeld Grønelli grusgruve trekt ut. Etter retningslinjene frå Statskog for Grønelli er det sett som mål at det skal være balanse i inntekter og utgifter i dette rekneskapet over tid.

Sjølv om Panoramavegen har gode midlar i hende no, har Panoramavegen store investeringar i vente som stadige utbetringar og vedlikehald i eit aukande vegnett i ei mykje brukt veglei i vestfjellet. Styret håpar difor at Vestre Slidre fjellstyre kan gje eit tilskott på 80 % av utbetningskostnaden i Baklia for år 2006. Etter at momsrefusjon er trekt ut, vil 80 % av kostnaden bli ca. kr. 12 1.000,-. Om det skulle være spørsmål til dette, kan de ta kontakt med underteikna.

Fjellstyret har normalt gjeve inntil 50 % av kostnadane for opprusting av veg. Når det gjeld vegar som har slege seg saman og fjerna bom, har fjellstyret tidlegare gjeve tilskot opp til 75 % av kostnadsoverslaget.

Vedtak:

Fjellstyret ser svært positivt på samanslåing av vegane og gir eit tilskot på 75 % av kostnadane avgrensa opp til kr 113.500,-. Tilskotet blir gjeve på vilkår av at bommen til Baklivegen blir fjerna. Beløpet blir utbetalt når arbeidet er gjennomført og rekneskap for anlegget er lagt fram for fjellstyret.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 5.4.06.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Panoramavegen